



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Etablering av Regionrådet Vest

Samandrag av saka:

Saka gjeld oppretting av Regionrådet Vest, som vil omfatta kommunane Askøy, Sund, Øygarden og Fjell. På bakgrunn av etablerte nettverk og samarbeid på ulike tenestoområde, er opprettinga av eit regionråd ei naturleg vidareutvikling og formalisering av det regionale samarbeidet.

Rådmannen viser elles til at Rådssamlingen i Regionrådet Bergensregionen har vedteke å oppløysa dette regionrådet, men først etter at ein har vurdert spørsmålet om etablering av "Bergensalliansen" som vil vera ei politisk overbygning over dei ulike regionråda og einskildkommunane i bergensområdet. Desse spørsmåla vil ein kunna ta stilling til i løpet av våren.

Innstilling:

Kommunestyret vedtek:

1. Fjell kommune går saman med kommunane Askøy, Sund og Øygarden om å etablere Regionrådet Vest. Organiseringa vert gjort i høve til kommunelova paragraf 27.
2. Kommunestyret godkjenner vedtektene slik dei går fram av saka.
3. Kommunestyret ber formannskapet om å følgje opp arbeidet i Regionrådet Vest, men føreset at alle større saker av prinsipiell, politisk interesse vert lagt fram for kommunestyret til drøfting og avgjerd. Ordførar skal elles halda kommunestyret løpande orientert om utviklinga i regionrådet.

Straume, den 08.12.2009

Steinar Nesse
Rådmann

Dokument vedlagt saka:

Framlegg til vedtekter for Regionrådet Vest
Pressemelding frå Regionrådet Bergensregionen

Saksopplysningar:

Den politiske og administrative leiinga i kommunane Øygarden, Sund, Askøy og Fjell har siste året hatt mange samtaler for å vurdera eit tettare samarbeid i regionen. Ordførarar og rådmenn i Øygarden, Sund og Fjell har lang tradisjon for møte om felles utfordringar, men det nye no er at Askøy har slutta seg til dette fellesskapet.

Formannskapet i Askøy gjorde 09.06.2009 følgjande vedtak:

Formannskapet i Askøy slutter seg til at det legges opp til et utvidet samarbeid med kommunene Sund, Fjell og Øygarden.

I ordførernes/rådmennenes møter med hverandre utkrystalliseres mulige samarbeidstema som legges fram for politisk behandling.

Samarbeidsprosjekter utvikles i prosessorientert arbeid sammen med de tillitsvalgte.

For Fjell sin del er tettare regionalt samarbeid nedfelt i Tiltredingserklæringa etter sist kommuneval.

Den politiske og administrative leiinga i dei fire kommunane meiner at det vil vera føremålstenleg å formalisera samarbeidet i eit eige regionråd. Eit eventuelt regionråd kan få namnet Regionrådet Vest.

Den mest vanlege samarbeidsforma mellom kommunar i denne samanhengen har sin heimel i kommunelova paragraf 27:

To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering.....

I konkrete samarbeidsprosjekt (brannvern, legevakt, barnevern mm) vil ein elles i sak for sak vurdera kva som er den mest naturlege og rette samarbeidsmåten/organisasjonsforma – det vera seg eige selskap (A/S eller IKS), samarbeid etter kommunelova sine reglar om vertskommuneprinsippet eller andre meir uformelle former. Eit eige regionråd vil kunna fungera som ei overbygning over dei konkrete samarbeidsprosjekta, der ein kan drøfta heilskapen og tema som til dømes betaling og oppgjærdsformer og også starta opp utgreingar om nye prosjekt.

Regionrådet Vest vil etter dette verta eit rådgjevande og koordinerande organ som skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane og utvikling av regionen.

Utkast til vedtekter er vedlagt denne saka.

Det framgår av vedtektene at dei fire ordførarane utgjer regionrådet sitt styre. Rådmenna kan møta, med tale- og forslagsrett. Kommunane skal ivareta sekretariatet. Funksjonen går på omgang, i slik rekkjefølgje: Øygarden, Sund, Fjell og Askøy. Funksjonstida for kvar er to år.

Med eventuell etablering av Regionrådet Vest, er det naturleg å vurdere framtida for Regionrådet Bergensregionen. I vedtektene til Regionrådet Bergensregionen står det følgjande når det gjeld utmelding:

Utmelding frå Regionrådet kan finna stad pr 01.01 kvart år og vil bli gjort gjeldande frå 01.01 neste år. Dei kommunane som melder seg ut må stå ved sine økonomiske plikter. Frå tidspunktet for utmeldinga mister kommunen sin plass i styret og i andre leiande funksjonar i grupper og utval.

Vedlagt følgjer ei pressemelding frå Regionrådet Bergensregionen, dagsett 04.12.09. Der seier ein mellom anna:

På sitt møte 3. desember 2009 besluttet Rådsamlingen enstemmig å oppløse Regionrådet i sin nåværende form og å videreutvikle samarbeidet gjennom dannelsen av "Bergensalliansen". Dette skal være en politisk møtarena for det strategiske samarbeidet mellom Bergen og de øvrige kommunene i Bergensområdet.

Medlemmene i Bergensalliansen vil være kommunene i Regionrådet Nordhorland IKS og det nye Regionråd Vest som er under etablering, kommunene i Bjørnefjorden og Bergen kommune. Kommuner i Regionrådet Bergensregionen som for tiden ikke har medlemskap i et regionråd vil slik kunne finne sin plass i Bergensalliansen.

Rådsamlingen har satt ned en arbeidsgruppe som skal utforme detaljene og berede grunnlaget for den formelle dannelsen av Bergensalliansen. Denne gruppen ledes av ordfører Terje Søviknes, Os kommune og han har med seg byrådsleder Monica Mæland, Bergen kommune, ordfører Lars Lie, Fjell kommune, ordfører Marit Aase, Samnanger kommune og ordfører Kari F. Aakre, Osterøy kommune.

Arbeidsgruppen skal legge frem sin innstilling på Regionrådet Bergensregionens årsmøte i april 2010. Når Bergensalliansen er formelt etablert vil Regionrådet Bergensregionen bli oppløst.

Vurdering:

Kommunane i vest har ein geografisk nærleik og er så einsarta på så mange område at rådmannen meiner det er heilt naturleg å styrkja samarbeidet. Kommunane har over lengre tid bygd nettverk og meir eller mindre formalisert samarbeid på ei rekkje fagområde. Eit eige regionråd vil vera ei føremålstenleg vidareutvikling av dette samarbeidet. Dei store utfordringane for kommunenorge når det gjeld økonomi og kompetansemessige føresetnader

gjer det dessutan naudsynt å finna gode løysingar for samarbeid og samhandling. Alternativet for framtida vil elles truleg vera kommunesamanslåing.

Regionrådet Vest vil få oppgåver som omhandlar samferdsle og næringsliv, redningstenester og politi, overordna regional utvikling, i tillegg til samordning og samhandling innan heile tenestepaketet. Rådmannen meiner det er viktig at regionrådet får tid til å finna si form, utan at ein på noverande tidspunkt skal spesifisera og konkretisera oppgåvene for mykje. Det viktigaste vert at ein finn fram til gode rutinar for rapportering og samankopling med kommunen sine valde utval. Rådmannen tenkjer at formannskapet vil spela ei viktig rolle for Fjell sin del, men utan at dette kan erstatta rapporteringsplikta andsynes kommunestyret.

Det er etter rådmannen si meining lite aktuelt å vera medlem i fleire enn eitt regionråd. Det er difor naturleg at Fjell går ut av Regionrådet Bergensregionen, dersom Regionrådet Vest vert oppretta. No har Rådsamlingen i Regionrådet Bergensregionen sjølv vedteke å oppløysa rådet, men ikkje før ein tek stilling til spørsmålet om etablering av "Bergensalliansen". Ordføraren i Fjell er medlem av arbeidsgruppa som skal utgreia føremål og innhald. Arbeidsgruppa må i alle høve avklara tilhøvet til Business Region Bergen.

Rådmannen vil på dette grunnlaget tilrå at kommunestyret ventar med å ta stilling til spørsmåla om utmelding og vidare samarbeid i heile bergensregionen.

Denne saka omhandlar ikkje økonomiske sider ved opprettinga av Regionrådet Vest. Det er ikkje gjort felles utgreiingar eller drøftingar om det økonomiske grunnlaget for selskapet. Dette vil ein koma attende til. Rådmannen vil tru at utgiftene i utgangspunktet vert små, og at framtidig ambisjonsnivå vil vera avgjerande for ressustrongen. Sekretariatsfunksjonen er sterkt avgrensa og vil gå på omgang mellom kommunane.